

# Vedtekter for Vikebygd Grendeutval

## §1. Navn og stifting

Namnet er Vikebygd Grendeutval og er ei foreining.

Stiftingsmøte vart halde 29. november 2012.

Alle fastbuande i Vikebygd har rett til å møte på årsmøte og blir betrakta som medlemmer med stemmerett.

## §2. Kontingent.

Laget har ingen medlemskontingent.

## §3. Føremål

Vikebygd Grendeutval skal arbeida for at Vikebygd er ei levande og god bygd å bu i, og skal ta opp saker som er av allmennytting interesse. Laget skal leggja vekt på å høyre og samordne interessene i bygda. Vikebygd Grendeutval skal vera eit bindeledd mellom innbyggarane og kommunen, mellom anna ved å vere høyringsinstans ovanfor kommunen i saker som særleg vedkjem Vikebygd. Alle i bygda kan kome med innspel om saker.

## §4. Årsmøte

Årsmøte er grendelaget sitt høgste organ og årsmøte vel laget sitt styre.

Årsmøte blir halde kvart år, normalt innan februar året etter. Det blir kunngjort ved plakat på butikk, og via info. på Vikebygd si heimeside ([vikebygd.org](http://vikebygd.org) og [vikebygd.no](http://vikebygd.no)), samt «Oppslagstavla for Vikebygd på Facebook».

**a.** I årsmøtet tek styret opp saker som er innkomne eller som styret meiner er viktige å ta opp eller saker til berre informasjon.

**b.** Styret legg fram årsmelding og rekneskap som årsmøtet skal godkjenna.

**c.** Val:

1. Valnemnd leiar valet og legg fram innstillinga si på årsmøtet.

Styret har 5 medlemmer og 1 varamedlem.

Valperioden for eit styremedlem skal normalt vera på 2 år.

Ved val fyrste gong blei halvparten av medlemma valde for 1 år, dei andre for 2 år. Dette for å sikre kontinuitet i styret ved seinare val.

Leiar blir også vald for 2 år om gongen.

Styret konstituerar seg sjølv med nestleiar, sekretær og kasserar.

2. Val av revisor

Det skal vere 2 revisorar og dei blir vald for 2 år.

3. Val av valnemnd.

Det skal vere 3 medlem og dei blir vald for 2 år. Styremedlem som går av blir sett som kandidat til valnemnda om ikkje anna er avtalt.

Det bør arbeidast for at det skal vera god fordeling både av interesseområde, kjønn og geografi i laget. Styret kan oppnemna underutval med medlemmer både frå og utanom styret etter ynskje og behov.

**d.** Dersom det kjem skriftleg krav frå minst 10 medlemmer skal det haldast ekstraordinært årsmøte.

### **§5. Ekstraordinært årsmøte**

Ekstraordinært årsmøte kan kallast inn med 8 dagars varsel når styret eller medlemmer som representerer minst 1/3 av stemmene krev det.

### **§6. Informasjonsmøte/bygdemøte**

Vikebygd Grendeutval skal halda informasjonsmøte/bygdemøte minst ein gong i året.

Styremøta i Grendeutvalet bør som regel vera opne og gjerast kjent med plakatar og/eller på Vikebygd si heimeside i rimeleg tid på førehand.

### **§7. Referat frå møte**

Det skal skrivast referat frå alle styremøte og bygdemøte. Grendeutvalet skal, der det er relevant, leggja ut informasjon med utdrag frå møter og evt. uttalar på Vikebygd si heimeside. Alt er også å finne på vikebygd.no

### **§ 8. Endring av vedtektene**

Endring av vedtektene skal handsamast på årsmøte.

Forslag til endring av vedtektene må vere styret i hende 1 uke før årsmøte

Endring av vedtekter krev tilslutting av 2/3 av dei frammøtte på årsmøte.

### **§ 9. Oppløysing**

Forslag om oppløysing av laget må leggast fram som eiga sak på årsmøte.

For gyldig vedtak vert det kravd at 2/3 av dei frammøtte stemmer for oppløysing av Vikebygd

Grendeutval. Eventuelt økonomisk overskot blir då tildelt andre lag eller foreiningar i bygda etter vedtak på årsmøte.